



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 17.09.2025

Vår ref.: 202518618-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Mel kraftverk i Vetlefjordelvi i Sogndal kommune, Vestland fylke

NVE har fått ein søknad frå SFE AS om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Mel kraftverk i Vetlefjordelvi. Dette er planlagt over to dagar i perioden 20.10.2025 - 24.10.2025.

Kva blir det søkt om?

NVE har fått ein søknad frå SFE AS, datert 15.09.2025, om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Mel kraftverk i Vetlefjordelvi. Konsesjonen stiller krav om jamn driftsvassføring, og det er dette det søkast om fråvik frå. Arbeidet er planlagt over 2 dagar i perioden 20.10.2025 - 24.10.2025. Frå søknaden:

Det vart installert ny turbinregulator i Mel kraftverk i juni. Det gjensto noko arbeid, og dette skal utførast no. I samband med testing av dette og prekvalifisering for FCR er det behov for å køyre prøver i ulike lastområde og med brå lastendringar. (...) Testinga vil gå over to dagar i veke 43.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9761/V

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer tilbakemeldingar knytte til momenta i søknaden. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Eventuelle kommentarar kan sendast på e-post til maev@nve.no. Merk e-post med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202518618 i emnefeltet.

Frist for å sende fråsegn er **10.10.2025**.

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Med helsing

Magnus Elton Veflen

seniorrådgiver

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
SOGNDAL KOMMUNE

Kopimottakarliste:

SFE PRODUKSJON AS
SFE PRODUKSJON AS - BJARTE HAUGE